

Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119, Dep.  
0032 Oslo



19. november  
U 667/07

## Revidert reglement om forvaltning av eksternt finansiert verksemd ved universitet og høgskolar og om samarbeidet deira med andre rettssubjekt (F-35-02)


### Høyring

NOVA – Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring – viser til høyringsbrev av 27.09.07 frå Kunnskapsdepartementet om det reglementet som er nemnt i overskrifta.

NOVA er eit institutt som driv med oppdragsforskning, med ei basisløyving som er styrt av Retningslinjer for statleg finansiering av forskingsinstitutt. Det er her eit grunnleggjande krav at basisløyvinga ikkje skal nyttast til å subsidiere instituttets oppdragsforskning.

Det reviderte reglementet med rettleiar gjev oppklarande definisjonar på bidrags- og oppdragsforskning. Vi merkar oss punkt 2.2.b, som seier at "for oppdragsfinansiert virksomhet skal oppdragsgiver dekke alle direkte og indirekte kostnader som oppdraget fører med seg, og institusjonen skal kunne dokumentere dette" og punkt 2.2.c, som seier at "institusjonene kan ikke delfinansiere prosjekter med statstilskudd der dette kan føre til konkurransevridning i forhold til andre aktører". Punkt 1.1.e gjer det klart at subsidiering heller ikkje kan skje gjennom samarbeidande verksemd.

I den seinare tid har det blitt ein sterkare konkurranse på oppdragsmarknaden, og dei frittstående institutta konkurrerer ofte med universitet eller høgskolar. Det er difor avgjerande viktig for den frie konkurransen at det blir fastsett eit klart regelverk for den eksternt finansierte verksemda. Vi reknar med at institusjonane vil følgje regelverket, og at Kunnskapsdepartementet kontrollerer at så skjer.

Med helsing  
  
Magnus Rindal  
direktør ved NOVA